


EIDASONG

TIL EID, HEIMSTADEN

AUGUST 2016



Man-ge ferd-ast i land og len-de med ei vekt-skål i o-pe sinn, —
— ein kan und-rast og tvi - le of - te, — men ein en - kel tan - ke vinn: —
— Vi vil bu her i vest - er - land - et — der kor tind - a - ne møt - er fjord —
— og ei vind-har-pe syng oss den e - vi - ge song, fa-der fjell og mo - der jord.

Mange ferdast i land og lende / med ei vektskål i ope sinn,
ein kan undrast og tvile ofte, men ein enkel tanke vinn:

***Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord.***

Her er noko med Eid og Gata, tidleg tufta på gard og naust.
Her er noko med Gamlebanken, som gir rentefritt og raust.
Her er noko med stein og murar / når naturkrefter drønner inn.
Her er noko med lam på beite / og ein fjording ved ei grind.

***Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord.***

Her er noko med Rundehogjen / og ei soge som følgjer får
over enger blant folk og frendar / i ei tid som er og var.
Her er noko med desse åsar / slik dei strekk seg mot himmelrand
og glir over i von og velde / som ei trygg og varleg hand.

***Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord.***

Her er noko med dugnadsånda / og at Plassen er meir enn plass;
han er open for gode krefter / med eit romsleg folkepass.
Her er noko med sal og scene, tonar løfta på trolldomsvis.
Kvart eit skinande eida-hjarte / kling av elskhug og eksis.

***∴ Vi vil bu her i vesterlandet der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss den evige song, fader fjell og moder jord. ∴***



freddie.eid
www.visemakeriet.no